



AUKRA KOMMUNE Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/01
Arkiv: 033&14
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 20.1.2017

Saksframlegg

Utvælgssaksnr	Utvæl	Møtedato
PS 07/17	Kontrollutvalet	8.2.2017
	Kommunestyret	

KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2016

Kontrollutvalet si tilråding

Kontrollutvalet si årsmelding for 2016 vert teke til vitande.

Kontrollutvalet si handsaming – 8.2.2017

Det framkom ingen merknader til årsmeldinga i møte.

Kontrollutvalet fatta samråystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

Sekretæren si tilråding

Kontrollutvalet vedtar årsmeldinga for 2016. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2016 vert teke til vitande.

Bakgrunn for saka

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 76 er det kommunestyret som har det øvste kontroll- og tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontroll- og tilsynsorgan og skal utfører det løpende tilsynet med kommunen og kommunen si verksemde på vegne av kommunestyret, jf. Kommunelova § 77 nr 1.

Utalet rapporterer sine saker til kommunestyret etter kvart gjennom året. For å oppsummere føregående års aktivitet og for å gje kommunestyret eit innblikk i verksemda, utarbeider kontrollutvalet ei årsmelding som vert lagt fram for kommunestyret.

Det følgjer av koml. § 77 nr 6 første punktum:

"Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget."

Vedlagt følgjer:

- Utkast til årsmelding for 2016 for kontrollutvalet i Aukra
- Oversikt over handsama saker i 2016

VURDERING

Kommunelova sine reglar om tilsyn og kontroll gir kommunestyret og kontrollutvalet betydeleg ansvar og det er difor viktig med dialog mellom kontrollutvalet og kommunestyret. I tillegg til kontrollutvalet sine fråsegner til kommunen sitt årsrekneskap, sluttrekneskap for byggje- og investeringsprosjekt, samt oversending av avslutta forvaltningsrevisjonsprosjekt gjennom eigne forvaltningsrevisjonsrapportar, finn ein det føremålstenleg å gje ei oppsummering av kontrollutvalet si verksemd i løpet av året gjennom ei eiga årsmelding. Årsmeldinga kan bidra til å synleggjere kontrollutvalet si rolle og auke kunnskapen i kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid. Kommunestyret kan kome med innspel og tankar knytt til kontrollutvalet si verksemd i tilknyting til behandlinga av årsmeldinga i kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt sekretariat viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet for 2016.

Jane Anita Aspen
daglig leder